



## Notat

Dato: 18.09.2019  
Arkivsak: 2019/2073-18  
Saksbehandlar: chaespe

---

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling  
Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Varsel om endring i statlege føringar for fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken i 2020**

Kulturdepartementet varsler i brev til Kulturtanken dagsett 16. september 2019 at det blir endring i statlege føringar for fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) i 2020. Brevet er sendt med kopi til fylkeskommunar og direktekommunar i DKS-ordninga.

Noverande praksis er at Kulturtanken fordeler spelemidlane direkte til fylkeskommunane og direktekommunane. – Kommunar som har status som direktekommunar har sjølvstendig ansvar for DKS-tilboda til grunnskuleeleverne i kommunen. Det er fylkeskommunen som har ansvar for vidarefordeling av midlar til DKS i grunnskulen til dei kommunane som ikkje er direktekommunar. – Minimum 1/3 av midlane som skal nyttast til DKS-tilbod i grunnskulen blir fordelt på kommunane med utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel som er utvikla av Utdanningsdirektoratet. Kommunane skal nytte midlane til lokale DKS-tilbod til elevane i grunnskulen. Resten av midlane til grunnskulen skal fylkeskommunen nytte til DKS-tilbod i grunnskulen. I tillegg , samt midlar til DKS-tilbod i vidaregåande skule, på Elevar i kommunar som ikkje er direktekommunar får såleis DKS-tilbod både frå sin kommune og frå fylkeskommunen. Fylkeskommunar og direktekommunar rapporterer bruk av midlane til Kulturtanken, resten av kommunane rapporterer til fylkeskommunen.

I endringa som no er varsle, ligg det at den totale tildelinga til eit fylke blir tildelt fylkeskommunane, som på bakgrunn i ein fordelingsnøkkel utvikla av Kulturtanken vidarefordeler midlar til alle kommunane i fylket, også til direktekommunar. Inntil vidare skal direktekommuneordninga elles vidareførast som den er i dag, og tilskotet til direktekommunane vil i 2020 vere på same nivå som i 2019.

I nye Vestland fylke er det Bergen kommune som har status som direktekommune. I praksis betyr den varsle endringa at Bergen kommune, på lik line med dei andre kommunane i fylket, vil få tilskot til DKS frå Vestland fylkeskommune. Alle kommunane i Vestland skal rapportere bruk av midlane til Vestland fylkeskommune.

Oppgåve- og ansvarsfordeling mellom stat, fylkeskommune og kommune i DKS-ordninga vil bli omtala i barne- og ungdomsmeldinga. Vidare oppfølging av modellen for fordeling av spelemidlar til DKS og direktekommuneordninga vil bli vurdert på bakgrunn av innspel til Kulturdepartementet i samband med meldinga.

